

Referat frå soknerådsmøtet 24.09.20

Møte 07/20

Til stade: Bernt Rune Sandrib, Siri Eiken, Tjøl Eiken, Oddvin Nøkland, May Gunn Eiken

1. vara: Lars Tore Rudlende, 2.vara Aud Ramona Langås

Forfall: Audun Meland, Anine G.J. Vatne

Sak 47/20: Godkjenning av innkalling og saksliste – ingen merknader.

Sak 48/20: Underskrift av førre møtebok: Tjøl og Oddvin

Sak 49/20: Årsregnskapet for 2019 avlegges slik det går fram av vedlagte rapporter og noter.
Regnskapsmessig mindreforbruk drift i 2019, kr.118 698,44, settes av på disposisjonsfond-eigenkapital og gjeld.
Regnskapet oversendes revisor.

Sak 50/20: På grunnlag av revisjonsberetning datert 15.08.20 er soknerådets regnskap for 2019 endeleg godkjent – jfr. vedtaket i sak nr. 49/20.

Sak 51/20: Val av revisor: May Gunn har fått ansvar for å spør nokre kandidatar.
Vårt forslag er Anne Grete Kvinlaug, Rune Slimestad eller Olaug Sofie Telhaug.

Sak 52/20: Åpne kirker over hele landet Allehelgen: Vi ynskjer å ha åpen kyrkje sundag 1. november kl. 16.00-19.00. Då blir det mulighet til lystenning og ettertanke.
Vi må ha ein eller to friviljuge som kan ha ansvar for registrering og ivaretaking av smittevern. Siri spør Oddlaug og Olav Eiken.

Sak 53/20: Evaluering av samtalegudsteneste og konfirmantfest: Opplegget der konfirmantane leier samtalegudstenesta er eit veldig bra konsept. Konfirmantane gjennomførte på ein veldig fin og ordentleg måte.
Fungerte bra med enkel fest på bedehuset etterpå. Var ca. 90 personer tilstades. Det var litt forfall frå medlemmane i soknerådet, men vi fekk det til likevel.
Vi ynskjer å få til noko liknande neste år dersom bedehuset er ledig den dagen.

Sak 54/20: Gjennomføring av framtidige aktivitetar mht. Koronasituasjonen:
18.oktober – konfirmantpresentasjon og hausttakkefest + dåp.
Det blir arrangert to gudstenester - konf.pres. og haustt.f. kl.11.00.
Eiga dåpsgudsteneste kl. 13.00

Reingjering mellom gudstenestene. Aud Ramona, Anne Remine, Siri + evt. andre frå soknerådet hjelper til.

I staden for at borna i 2. klasse tar med seg frukt/kaker lager vi fruktposer som vert delt ut i benkeradane. Vi serverer ikkje drikke. Siri, May Gunn, Anne Remine og Aud Ramona lager fruktposene sundag morgon.
Siri kjøper inn frukt og grønnsaker.

20. desember – lysmesse.

Det vert påmelding til denne gudstenesta. Viktig at konfirmantfamiliene får beskjed om å melde seg på tidleg for å få plass. Konfirmantane skal ikkje sitje i benkeradane, men sitje for seg sjølve framme i kyrkja.

Det blir vanskeleg å få plassert Samklang i kyrkja, men vi vil svært gjerne ha dei med. Eit forslag er at dei kan komme til eit avtalt tidspunkt på slutten av gudstenesta for å spille nokon songar og avslutte med Deilig er jorden. Bernt Rune undersøker om det kan være aktuelt.

Jentene har sagt ja til å synge. Aud Ramona spør Lisbeth Hauge om ho kan.

24. desember – julaften:

Vi legger opp til to gudstenester. Kirkekontoret finner ut av hvilke klokkeslett som passer best. Det er fint om nokon i SR kan vere med på reingjering mellom gudstenestene.

Sak 55/20: Eventuelt:

Vi har fått tilbod på nytt kamera med mulighet for zooming. Det koster 15.000 + mva.

Det var svært gode erfaringer med demokameraet som vart prøvd ut under konfirmasjonsgudstenesta.

Det vart vedtatt at vi går til innkjøp av kameraet. Tjøl lager veggfeste.

Kostnadene dekkes av legatet. Sjå eige vedtak.

Den nye organisten, Anne Mette Villadsen skal spille på gudstenesta 4. oktober kl.19.00.

Vi vil ynskje ho velkommen på denne gudstenesta. Siri kommer med ei helsing, blommar + leser tenestebrevet.

Kollektene – er det mogleg å gjere oppteljinga enklare? Må nattsafebilaga fyllast ut?

Siri sjekker med kyrkjekontoret.

På utsida av den nye kyrkjegarden – mot Askeladden- ligg det jord og gamle gravsteinar.

Det er litt skjemmande. Kan det gjerast noko med det? Saka tas vidare til fellesrådet.

Eiken 3/10-20

Siri Eiken